



To av dei tre uskedelingane spelar i Helgheim før jul. Dei er Hermund Døssland og Victoria Andersen Eik. Til venstre lærar Thomas Haave. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ungdommens Kulturmønstring skal avviklast på Husnes neste laurdag og det er rekordstor påmelding.

Då fristen gjekk ut ved årsskiftet, var over 20 innslag med rundt 60 barn og unge på deltakarlista, dei fleste innan musikk og dans men også innan foto og biletkunst.

Det var tre påmeldte frå Uskedalen, alle spelar i Kvinnherad Gitarorkester.

Dei tre er Johannes Taranger (13 år og elev i ungdomsskulen), Hermund Døssland (12 år og elev i sjuande klasse) og Victoria Andersen Eik (12 år og elev i sjuande klasse). Gitarorkesteret har 11 medlemmer mellom 12 og 16 år og er relativt nystarta. Men dei som er med, har allereie vist at dei har lært mykje.

UKM er for mange den første 'store arena' for å kunna visa seg fram for eit stort publikum. Mønstringa blir arrangert i dei fleste kommunar i landet. I tillegg til dei som skal visa kva dei kan innan musikk og dans, er det tre som vil visa fram eigne fotografi, måleri og teikningar. Medan det var 15 sceneinnslag i fjor, er det 18 i år.

Påmeldinga seier litt om den store aktiviteten på kulturfronten i kommunen for tida. Men kulturskulerektor Rolf Lothe trur at det hadde vore mogeleg å dobla deltakartalet gjennom ei meir omfattande marknadsføring.

Ein jury skal plukka ut kandidater til fylkesmønstringa i Bergen i april. Det blir presisert at UKM er ei mønstring og ikkje ei tevling.

Av Ola Matti Mathisen